



Naturvernforbundet i Øst-Telemark

Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad om bygging av Lureelva kraftverk i Tinn kommune

Naturvernforbundet (NVF) Øst-Telemark og Naturvernforbundet i Telemark sender med dette høyringsuttale til konsesjonssøknaden frå Lure Kraft AS/ Tinfos AS om bygging av Lureelva Kraftverk i Tinn kommune, samt til konsekvensanalysen for naturmangfald og vassmiljø som er vedlagt søknaden.

Naturvernforbundet oppfordrar til avslag på søknaden frå Lure Kraft AS.

Bakgrunn:

Etter mange store kraftutbyggingar i Tinn kommune på 1900-talet, vart Austbygdåe verna gjennom verneplan II i 1980. Lure er eit sidevassdrag til Austbygdåe, og er såleis omfatta av vernet. I 2005 opna Stortinget for konsesjonsbehandling av vasskraftverk med installert effekt inntil 1 MW i verna vassdrag. Planlagt installert effekt i Lureelva kraftverk er 999 kW.

Tinn er den tredje største kraftkommunen i landet med ein årsproduksjon på ca 4,2 TWh. Dei store utbyggingane på 1900-talet står for det meste av produksjonen, medan fem småkraftverk bygd etter 2000 produserer ca 55 GWh/år (0,055 TWh/år). Ytterlegare eitt småkraftverk er under bygging (6,1 GWh/år). Produksjonen i Lureelva Kraftverk er estimert til 5,6 GWh/år, som tilsvarar kraftbehovet til ca 280 husstandar.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) var ansvarleg for prosjektet «Verdier i verneverdige vassdrag» (VVV-prosjektet), som i samarbeid med Fylkesmannen i Telemark og kommunane utarbeidde VVV-rapport 2000-16 for Austbygdåe.

Rapporten omtalar dei nedre delane av Lure som eit særleg spanande landskapselement av regional verdi.

Nedre delar av Lureelva er ein del av vassførekomsten 016-2201-R Lure med bekkefelt. I databasen Vann-Nett er vassførekomsten registrert med påverknad frå utslepp av avløp frå hyttefelt i øvre delar av vassdraget. Påverknaden er registrert med middels grad, og vassførekomsten har god økologisk tilstand basert på biologiske prøvar og fysisk-kjemiske støtteparametar.

Lure kulturminneområde, som har sær mange kulturminne, ligg innafor influensområdet for utbygginga.

Høringsinnspel:

- Det framgår av konsekvensutgreiinga for naturmangfald og vassmiljø at mange strekningar langs elva ikkje vart synfart (fig.1, side 5). Vi trur dette fører til at artar kan vera oversett under synfaringa og at grunnlaget for konsekvensutgreiinga såleis kan vera mangelfullt.

- Generelt har ein elvevannmasse status som raudlista naturtype i kategori nær trua. Førebels er det ikkje utarbeidd ein instruks for korleis naturtypar i ferskvatn skal kvalitetsvurderast, og difor er denne verdivurderinga meir usikker enn vurderinga av andre naturtypar. Lureelva er gjeve «middels verdi» i konsekvensrapporten (side 19). Rapporten seier m.a. følgjande om vurderinga: *«God tilstand og lite eller moderat naturmangfold gir moderat eller høy lokalitetskvalitet. Det knyttes selvsagt usikkerhet til dette og middels verdi er vurdert som et minimum for denne naturtypen, det kan også argumenteres for at verdien skal settes høyere»*.
- På bakgrunn av at arter kan vera oversett under synfaringa, meiner NVF Øst-Telemark, ut frå eit føre-var-prinsipp, at verdien av Lureelva som naturtype må setjast høgare.
- I søknaden er det oppgjeve ein reduksjon i vassføring etter utbygging på 17 % i snitt gjennom året. I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at reduksjonen i vassføring vil vera så liten at påverknaden på Lure som naturtype og funksjonsområde for fisk vil vera liten.
- Vi meiner at prosentvis reduksjon i vassføring kan bli langt større, t.d vil det ved ei sommarvassføring på ca 764 l/s vera ein teoretisk reduksjon i vassføringa på ca 58 % (gjeve ei minstevassføring på 323 l/s og slukeevne på 441 l/s). Fråføring av vatn kan såleis få større negative konsekvensar både for fuktkrevjande lav-og moseartar, fisk og andre vasslevande organismar enn det som framgår i søknaden.
- Etter vårt syn er difor konsekvensen av utbygginga for fisk og ferkvassorganismar sett for lågt, og bør vera vurdert til høgare enn «noe forringet» (side 23).
- Følgjande er å lese i konsekvensrapporten: "Samlet er det vurdert å være lite usikkerhet knyttet til kunnskapsgrunnlaget og verdivurderingen når det gjelder naturtyper, vegetasjon, fisk og vannmiljø. Kunnskapen om fugl og pattedyr er derimot mangelfull og vurderingene knyttet til disse organismegruppene er usikre". Sidan kunnskapen om fugl og pattedyr er vurdert som mangelfull, stiller NVF Øst-Telemark spørsmål ved at rapporten konkluderer med at tiltaket har små negative konsekvensar for naturmangfaldet.
- Konsekvensrapporten peikar på at fråføringa av vatn vil gje redusert resipientkapasitet på den aktuelle strekninga, og at reduksjonen kan føre til endra samansetning av botndyr og til begroing av algar. Det blir likevel konkludert med at fråføringa truleg vil ha liten innverknad på kvalitetselementa som er bestemmande for fastsetjing av vasskvalitet, og at vassførekomsten difor vil ha god tilstand også etter at kraftverket er i drift (side 26). I vurderinga er det berre teke omsyn til avrenning av næringssalt frå restfeltet og ikkje til ev. auka tilførsel frå området ovanfor inntakspunktet til kraftverket. Effekten av ei vidare hytteutbygging i øvre delar av vassdraget er såleis ikkje med i vurderinga av resipientkapasiteten, noko vi meiner bør tilleggast vekt.
- Lurefossen er 15-30 meter brei og har eit trappevis fall med ei rekke små fossar, kulpar og stryk, noko som gjev ein særprega foss med stor verdi for landskapet. Fossen er også framheva i VVV-rapport 2000-16 som eit viktig landskapselement. Etter vårt syn vil ei redusert vassføring og dei fysiske, permanente inngrepa (kraftverk, inntaksdam, vegar og ATV-veg) i stor grad minke verdien av fossen som landskapselement. I tillegg vil tiltaket også redusere kulturverdien av Lure kulturminneområde. Lokalkjente har påpeika at det er lite lausmassar i influensområdet. Dette gjer at det må sprengjast i fjell ved vegbygging og nedgraving av kabel, noko som vil gje ekstra sår i terrenget.

- Tinn har mange store, eldre vasskraftutbyggingar som har gjeve store negative konsekvensar for natur og biologisk mangfald. I Møsvassreguleringa er det innført magasinrestriksjonar, samt minstevassføring på enkelte strekningar i Måna. Det er derimot ikkje minstevassføring eller magasinrestriksjonar i Mårreguleringa. Dei mange småkraftverka i området har redusert naturverdien ytterlegare, der gevinsten i form av meir kraft ofte har vore liten.
- NVF Øst-Telemark og NVF Telemark meiner at dei resterande vassdraga i Tinn må skånast mot vidare kraftutbygging. Dette må da særleg gjelde dei verna vassdraga.

Konklusjon:

Produsert kraft frå Lureelva kraftverk er estimert til 5,64 GWh/år (0,13 % av dagens kraftproduksjon i Tinn). Dette vil bety minimalt for den totale kraftsituasjonen. Samtidig kan det gje store negative konsekvensar for naturmangfoldet i området, for Lurefossen som eit viktig landskapselement, og for Lure kulturminneområde.

Søknaden bør bli avslått.

Anne Haugen Wagn, leiar i NVF-Øst-Telemark

Helge Granlund, leiar Naturvernforbundet i Telemark

Notodden 20 august 2026